

Årsmelding 2022

Sund sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Sund sokn

Redaktør: Annlaug Børve
Grafisk produksjon: Yngvild Mørner Sørheim
Foto arrangement: Olai Otterå
Foto interiør Sund kyrkje: Borghild Hustad Berge



ÅRSMELDING FRÅ SUND SOKNERÅD



Bente Aase

Soknerådsleiar

Sund sokn sin visjon er
«Saman vil vi æra Gud og byggja kyrkjelyd, gjennom å feira gudsteneste, gje trusopplæring, fremja menneskeverd og visa Kristi sinnelag i møte med barn, unge, vaksne og eldre.»

Det betyr vel noko slikt som at vi skal vere snille med kvarandre, vise respekt for kvarandre, og hjelpe kvarandre, vi skal forkynne evangeliet og gje æra til Gud. Kvardagen blir betre for kvar og ein om vi viser kvarandre omsorg.

Soknerådet sitt hovedføremål er framleis det same og vi finn det i kyrkjelova §9:

«Soknerådet skal ha si merksemeld henvendt på alt so kan gjerast for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt....»

Det synes som om alle år i det siste har vore annaleis. Først blei det nokre år med koronapandemi, og når den nærma seg slutten og vi såg lysning, so jammen måtte vi klare oss uten prest. Soknepresten vår, Kjell-Asle Børnes, slutta i soknet siste desember i 2021 for å bryne seg på nye oppgåver. Etter å ha lyst ut stillinga tre ganger fekk

vi søkjær som takka ja til stillinga som sokneprest. Lars Arne Vik blei formelt tilsett i Sund Sokn hausten 2022, og starter stillinga 1. februar 2023. Lars Arne er opprinnelig frå Vik i Øygarden, så han kjenner både språket og lynne til strilen. Tross alt har vi vore heldig og klart å avvikle gudstjenester ved hjelp av vikarprester. Ei spesiell takk til vår tidligere prost Erling Koppenrud for at han steppa inn som vikarprest for ein lengre periode. Soknerådet vil også rette ei stor takk til vår noverande prost, Jan Tommy Fosse, for all god hjelp både med arbeidet med å skaffe vikarprester, og med å vera ein aktiv inspirator i soknerrådsmøta.

Aktivitetar

Vi har også i år hatt myldredagar, korøvingar, strikkekafe og føremiddagstrekk blant anna. Nytt av året er at vi i år var med på «Aksjon godhet». Dette er ein aksjon som Fjell sokneråd har vore med på i mange år, og mottoet er «små ting gjort i kjærleik kan forandre verda.» Aksjonen går ut på å gje ei hjelpende hand til dei som treng praktisk hjelp (f.eks hagearbeid, husvask, m.m.), og går føre seg frå 2-3 dager i mai. Kanskje kom vi seint i gang, for det var ingen som meldte inn noko ynskje om hjelp i vårt sokn. Soknerådet bakte derfor bollar og kjørte rundt i soknet med. Desse blei delte ut med helsing frå soknerådet og aksjonens motto var festa til bollane. Dette blei godt mottatt, og vi vil forsøkje å gjennomføre aksjonen også til

neste år, men då treng vi frivillige. Staute jenter og gutter og andre er velkommen til å gje ei hjelpende hand. Sjå kyrkja.no/sund, eller følg med i Soknebladet.

Soknerådet

Soknerådet hadde 100 saker på agendaen i fjor. Nokre saker er gjengangarar på møta, men vi opplever at møta er konstruktive og at det er godt samarbeid i rådet. I 2021 starta vi med bibelundervisning for vaksne, men dette sette vi på vent i 2022, i påvente av ny prest. Gudstenesteutvalet har også lagt brakk av same grunn. I fjor fekk vi også ny kyrkjelydspdagog, som også må få tid til å komme igang med sine oppgåver.

I tillegg til tilsette, så har vi ein del personer som jobber frivillig i kyrkja. Dessverre så blir det liten tid til å ta vare på desse gode personane, samt det å få fleire frivillige. Vi har ein årleg fest for frivillige kor vi ynskjer å gje ei stor takk for deira innsats. Vi skulle dog ynskje at vi hadde meire kapasitet, både til rettleiing og oppmuntring.

Soknerådet ynskjer derfor veldig å få ein fast frivillighetskoordinator.

Arrangement

Sund sokn er so heldige at vi har ein gjeng som også lager i stand messene våre. Dei sel lodd, baker og ordnar til. Julemesset i kyrkjelydskjellaren i fjor gav oss kr 94 296 og pengane skal gå til kulturarrangement.

Vårmarknaden i Kausland var ikkje planlagt (pga korona), so den blei ordna ad hoc. Marknaden vart gjennomført ein fredag ettermiddag/kveld. Vi fekk inn heile kr 35 340. Dette skal gå til barne- og ungdomsarbeid.

Vårmessa i 2023 er allerede bestemt til laurdag 22. april – so sett av dato!

Soknerådet har som visjon at dei skal gje sundsokningen noko positivt og kjekt ein gong i året. I fjor satsa vi på «Markusevangeliet i ord, bilder og musikk», av Christer Stejskal. Dette gjekk av stabelen 30.11. i Sund Kyrkje. Vi var ikkje so mange som var der, sjølv om dette var gratis. Kanskje datoan ikkje passa? Det hadde vore kjekt å vite kva som ville fenge sundsokningen. Har du forslag, så tar vi imot.

Vi har no og då «open kyrkje» både i stillett og med orgelmusikk. Dette er noko som er etterspurt, så det vil vi fortsetje med.

Intet urovekkjande å melde om rekneskapen. Aktivitetene begynner sakte å vere tilbake til «normalen»- før korona.

Kyrkjevalet

I 2023 er det val på nytt sokneråd, so mykje tid vil gå med til gjennomføring av valet, og til å finne gode kandidater til det nye soknerådet. Valkomiteen er på plass og består av Karen Boga og Oddveig Skoge fra soknerådet, samt Harold Trellevik og Astrid Skoge. Har DU lyst til å vere med i soknerådet? Meld det gjerne inn til ein i valkomiteen.

Vi treng frivillige

Avslutningsvis vil vi sei at det er mange oppgaver som trengs å gjennomførast, so vi treng stadig fleire frivillige. Kunne DU tenke deg å vere med å bidra? Mottotet må vere at ingen kan gjere alt, men alle kan gjere litt.

Takk!

Sist, men dog ikke mindre viktig! Soknerådet vil retta ei STOR TAKK til kvar og ein av den enskilte ansatt, som yter sitt beste både på dag- og på kveldstid for kyrkja vår.

Ei stor takk også til alle våre frivillige hjelparane for flott innsats og gode bidrag.

Ei takk også til DEG som gir oss støtte gjennom året, med gevinstar til julemesse og vårmarknad og med pengeoffer og gaver.



ÅRSMELDING FOR SOKNEPRESTEN



Bjarte Nese

Fungerande prost

Den første gudstenesta utan smittevernrestriksjonar fann stad den 20. februar i 2022. For året begynte med strenge smitteverntiltak. Koronapandemien sette såleis sitt preg på dei to første månadene mange stader. Etter at restriksjonane vart oppheva vart det no enklare å samlast i kyrkja.

Sokneprest Kjell-Asle Børnes gjekk over i teneste som prostiprest den 31.12.2021. Det betyr at det har vore fleire vikarer inne som har gjort teneste i kyrkjene. Harald

Forland var inne som vikar på vinteren. Seinare overtok Egil Reindal tenesta som sokneprestvikar. På hausten var det Erling Kopperud som var vikar. Dette har sikra så god stabilitet som mogleg i ei tid der ein stod utan sokneprest. Så glede var stor då Lars Arne Vik vart tilsett. Han begynte si teneste den 1. februar 2023.

Det er det blitt døypt 47 barn i 2022. Det har blitt konfirmert 70 konfirmanter. Vidare er det blitt gravlagt eller bisett 39 døde.


Det er blitt arrangert 60 gudstenester på søndagar og helgedagar med tilsaman 4638 frammøtte.






STATISTIKK


TAL DØYPTE



TAL VIGDE



TAL KONFIRMERTE



TAL GRAVFERDER



ÅRSMELDING FRÅ KYRKJELYDSPEDAGOGEN



Katrin Fischer

Kyrkjelydspedagog

Den siste augustveka i 2022 blei min første arbeidsdag som kyrkjelydspedagog i Sund sokn.

Det skjer mykje spennande i kyrkjelyden, som tel rundt 5000 sjeler på eit geografisk stort område med to vakre kyrkjer.

Å sjå Kausland og Sund kyrkje for første gong har gjort stort inntrykk på meg. Her har kyrkjelyden sett eit tydeleg preg på kyrkjene sine, slik at ein alltid føler seg velkommen.

At eg møtte kyrkjelyden for første gong hjelpte meg å tenkje korleis det er for dei 58 konfirmantane som begynte i september med konfirmantåret sitt. Konfirmantane er den største aktive gruppa eg jobbar med.

På den første undervisninga starta vi med mobilkamera i handa. Vi gjekk på oppdagingsferd gjennom kyrkja. Resultatet blei flotte kollasjar om «Mi Kyrkje» i 2- og 3-dimensjonal form.

Hittil har konfirmantane tilbode ein juleverkstad til kyrkjelyden. Dessverre kom altfor få folk på besøk. Dei som kom og var med på å lage julekort å vaflar, laga englar, hørde på juleforteljingar eller var med på andakt med Erling Kopperud. Dei gav flotte tilbakemeldingar. Konfirmantane og eg håpar at det vil kome fleire på juleverkstad i 2023.

For meg er alle aldersgruppene i kyrkjelyden viktig.

Det var flott å kunne starte jobben min med ranselbøn for 22 førsteklassingar.



Når barna og ungdommene kjem til kyrkja, følgjer som oftast familien med; og då blir kyrkjelyden fargerik og livleg.

I 2022 fall Ranselbøn saman med 25-årsjubileet til Sund kyrkje, slik at store og små kunne møtast på kyrkjekaffi eller på kreativ verkstad i dåpssakristiet.

Det tok ikkje lang tid å oppdage at barn og ungdommar har ei stor utfordring her i Sund sokn: Det er lange vegar og avgrensa tilbod av offentleg trafikk. Så må foreldre alltid tre til for at barn og unge kan delta i aktivitetar. Samtidig er barn og ungdommar kjempeheldige som har så engasjerte foreldre som ikkje berre kører barna sine, men også stiller opp og hjelper der dei kan.

Både for konfirmantane, LysVaken og ungdomsklubben var det fleire foreldre som hjelpte til med matlaging, nattevakt, innsamling av materiell til aksjonar, transport av barna og venene deira. LysVaken blei for første gong eit tilbod for 12-åringar i staden for 11-åringar. 15 unge deltok på overnatting og deltaking i 1. adventsgudsteneste. Det var ein gledespreiande gjeng som lekte, var med på ralley i kyrkja, vandring til bålet ved lavvoen, god mat og deltaking i 1. advents-gudstenesta. Vi lærte LysVaken-song, og vi delte ut 22 teikneseriebiblar til 10-åringar.

Når eg skulle velje det finaste i jobben min, så kan eg ikkje det. Alle tiltaka er knytt til å møte små til store unge menneske i utviklinga. Om det er HalloVenn-konserten med over 10 aktive unge musikarar frå Sund sokn, der 6 av dei også framførte ei dramatisert bibelforteljing om den barmhjertige samaritan; om det var krybbebehandling i Kausland og Sund kyrkje med til saman rundt 140 barn, besøk av barnehagane, eller om det var julegudsteneste for skulane, eller når ungdomsklubben besøkte ein musikal ved Den Nasjonale Scene i Bergen.

Sund sokn er rik på flotte unge menneske. Det er flott å sjå kor mange som er interesserte i barne- og ungdomsarbeidet. Og det er utrøleg flott å møte så mange engasjerte vaksne som stiller opp, særleg for barn og ungdommar i kyrkjelyden.

Kvar dag på arbeidet i Sund sokn opplever eg som ei velsigning.



ÅRSMELDING FRÅ DIAKONIMEDARBEIDAREN



Hildegunn Børnes
Myklebust

Diakonimedarbeidar

Diakoniplanen for Sund sokn vart ferdig og godkjent i Soknerådet. Hipp Hurra!

Frivilligfesten har blitt permanent flytta til mai/juni. Dette året var det Evy Torunn Nyvoll frå NMS som hadde foredrag om «Use Your Talents» der ho blant anna utfordra oss på å tenkje etter kva gāve vi har fått og tena andre med

den. Nydeleg song og musikk ved Isabel Pettersen og Irina Tarasova. God stemning når så mange flotte frivillige samlast. Med festen ynskjer Soknerådet å uttrykke ein stor takk til kvar einskild frivillig for innsatsen dei gjer for fellesskapet.

Myldredag i Sund og Kausland dette året og viktigheita av fellesskap blir understreka i at folk kjem tilbake, og nye blir med. Barn og ungdom treng vaksne og eldre og motsett. Frivillige er med gjer viktig innsats ved blant anna å koka middag og leggja til rette for aktivitet.

Strikkekafeen har vore ein sosial samlingsstad som er open for alle. Eit tilbod med kaffikopp/tekopp litt å bite i

og plass for den uformelle samtalen. Her er det lav terskel og berre å koma for alle som ynskjer.

Betweenkslubben har møtt ein gong i månaden til ulike aktivitetar, kveldsmat og andakt. Sosialt og kjekt med spel og leik.

Vårmarknad i Kausland kyrkjelydshus og **julemesse** i Sund kyrkje, kyrkjekjellaren; Det har vore stort engasjement både i forkant og under arrangementa. Mykje folk og høge summar som blir samla inn. Enorm innsats frå frivillige med loddosal, gevinstar, kafear, sal av ulike varer, tombola mm.

Småfellesskapa vert i stor grad leia av frivillige og er viktig for å ta vare på den enkelte. Her får ein dele og oppmuntra kvarandre. Vi har og hatt to inspirasjonssamlingar for smågruppene. Der har vi og invitert alle som er engasjert i barne- og ungdomsarbeidet.

Føremiddagstreffa i Sund og Kausland er drive av frivillige. Samlinga er ein onsdag i månaden med god lunsj, song og foredrag av ulike aktørar. Målgruppa er pensjonistar og vaksne som har fri på føremiddagen, her er alle velkomne. Oppbyggjelege og varierte tema.



Lovsongskveldar i Sund kyrkje: Det var tre slike kveldar dette året. Komiteen som stod for dei, har tatt ein pause. Og andre er velkomne til å gå i gang!

Helgemessesøndag (allehelgens) hadde vi gudsteneste der vi tente lys for alle som var gravlagd siste året. Alle pårørande var spesielt invitert. Same kveld var det Open Kyrkje i Kausland der ein kunne tenne lys, be, sitte i stillheit og lytte til Irina som spelte vakker musikk. Laurdagen, dagen før, var diakoniutvalet på Sund senter og delte ut lys og ein faldar «førstehjelp ved sorg». Her fekk vi prata litt med enkelte og gitt ut lys.

Julesamlingar for barnehagane har vi kvart år. Diakoniarbeider saman med frivillige er med og legg til rette for saft/ kaffi og bollar for gruppene som kjem. Veldig fint og koseleg å ha tid til å pratast og ete litt ilag.

Diakoniarbeider og andre i staben har også hatt ein del samtalar/sjellesorg på kontor og på heimebesøk.

Bønerabeid: mange har bøn på hjarta og vi har ein bønering via SMS/e-post, der vi ber for ulike bøneemner i løpet av året. Nokre er begynt å møtast i mindre grupper.

Boost: Fellesskap for ungdommar som møtes kvar tysdag anten i Kausland eller Sund kyrkje til måltid, spel, sosialt og ein andakt.

Kyrkjekaffien er høgt prioritert etter gudstenestene. Her er mange frivillige som gjer i stand og vaskar opp, lagar mykje god kaffi og kaker. Vi andre kan berre koma å nyta det og får god tid til å byggje relasjonar og møte nye.

Kvar månad er det nokon som **steikjer lappar** og leverer til Røde kors tunet som ei oppmuntring til dei som bur der.

Saman med prostiet starta vi i november opp med **sorggruppe**. Dette er eit kontinuerleg tilbod for dei som måtte ynskja det. Det vart og arrangert **temakveld om sorg** i Foldnes kyrkje for heile prostiet i oktober. Eli Landro tala over: «Korleis møte kvarandre og vere ein god ven i sorga».

Diakoniseksjonen har og gitt ut ein eigen **Sorgbrosyre** i haust med informasjon om sorg og med kontaktinfo. Det er tenkt at prestar tar den med ved sørgesamtalar samt at den skal ligge tilgjengeleg i kyrkjene, på ulike legekontor mm. Her er det mogleg å ta kontakt om ein ynskjer samtale eller å bli med i sorggruppe.



ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



Irina Tarasova

Kantor

Gudstenester, gravferder, vigslar, institusjonsandaktar, konsertar, salmekveldar, samarbeid med Stjernekor, Betweenskor, Fjell Vocalis, Sund Blandakor, Sund Brass og Sund Toraderklubb. Medverking frå ulike musikkaktørar som solistar, songgrupper, instrumentalistar og andre musikarar.

Viktige hendingar i 2022:

- Felles sommaravslutning for Stjernekor, Betweenskor, Myldredag, Betweensklubb og Boost
- Friluftsgudsteneste på Tyssøy med Sund Blandakor og Sund Brass
- Øygarden Kyrkjemusikkfestival
- Open kyrkje (Sund kyrkje og Kausland kyrkje)
- Ungdomskonsert «HalloVenn»
- Salmekveld med advents- og julesalmar (Prosjektkor saman med Fjell Vocalis)

Stjerne- og Betweenskor og korarbeidet

Vi er så heldig å ha Hanne Kathrine Boga som dirigent for Stjerne- og Betweenskor! Ho er spesialpedagog/musikkterapeut ved Stranda skule.

Sternekor (der er det ca. 38 barn) samarbeider tett med Betweenskor (der er det rundt 13 barn frå 4. klasse og oppover). Kora opptredde på 4 gudstenester (mellan anne Hausttakkefest-gudstenesta og «Vi syng jula inn»), Lovsongkveld, Felles sommaravslutning, Julemesse, Sundheimen og Sund Senter.

Friluftsgudsteneste på Tyssøy

Med flotte musikkinnslag av Sund Blandakor og Sund Brass i regnvêret under teltet har vi hatt fin friluftsgudsteneste med dåp på Tyssøy 13. juni.

Open kyrkje

Det blei arrangert 3 gonger med open kyrkje (Sund kyrkje og Kausland kyrkje). Det blei spela meditativ orgel- og pianomusikk. Ein av dei var under Øygarden Kyrkjemusikkfestival med musikk av Cèsar Franck (i samband med 200-årsjubileet).





Konsertar og musikkarrangement i kyrkjene

Interne konsertar:

- 06.04 Sund kyrkje: Støttekonsert for Ukraina
- 2 konsertar under Øygarden Kyrkjemusikkfestival:
18.09 Kausland kyrkje: Haustkonsert med blåsarar
- 19.09 Sund kyrkje: Konsert med Vivian Steinsland, Roy Vorland, Irina Tarasova, Sund Blandakor og Sund Brass
- 29.10 Ungdomskonsert «HalloVenn»
- 14.12 Sund kyrkje: Salmekveld med advents- og julesalmar
- 18.12 Kausland kyrkje: «Vi syng jula inn»

Eksterne konserter:

- 19.06 Sund kyrkje: Konsert med Biskopshavn Ungdomskor
- 21.11 Sund kyrkje: Julekonsert med KorGØY
- 30.11 Sund kyrkje: «Markusevangeliet i ord, toner og bilder»
- 05.12 Julekonsert med Sund Blandakor, Sund Brass og Sund Toraderklubb
- 11.12 Julekonsert med Roy Vorland, Anita Heggholmen og Veslemøy Fluge Berg
- 15.12 Julekonsert med koret Jadazz

Medverkande i konsertar, salmekveldar og gudstenester:

Sund Blandakor, Sund Brass, Sund Toraderklubb, Fjell Vocalis (vokal ensemble), Vivian Steinsland (song), Roy Vorland (song), Steinar Spilde (trekkspel), Małgorzata Anna Tveit (dirigent/fløyte/konferansier), Sergey Letyagin (fiolin), Pavel Girunyan (klarinett), Ole Christian Ottestad (saksofon), Katrin Fischer (drama/ blokkfløyte), Kjell-Asle Børnes (andakt/leiing av liturgiske ledd), Per Hjemdal (andakt), Øygunn Skodvin Prestegård (konferansier), Tonje Eriksen (dirigent for Sund Blandakor/konferansier), Laila Mortensen (song), Linda Beate Dalseide (song), Hanne Kathrine Boga (song/dirigent for Stjerne- og Betweeneskor, forsongar), Stjernekor, Betweeneskor.

Ungdomsmusikarar: Anna og Anastasiya Ostanina (fløyte/piano), Polina Zhurzha (piano), Lana Crystabelle Armstrong (konferansier), Isabel Pettersen (song), Elisa Dåvøy Natås (song/drama), Mathilde Skage (song/drama), Emil Tveit Husby (gitar), Martha Oline Ugelstad (saksofon), Bjørn Martin Ugelstad (trombone/piano), Håvard Lie Melkevik (piano), Elena Girunyan (fiolin/piano), Igor Gabriel Bjørøy (drama/piano).

Medarbeidarane i Sund sokneteam:

Medarbeidar	Stilling
Vikarar	Sokneprest
Tove Olene Foss Solvang	Soknetamleiar
Katrin Fischer	Kyrkjelydspedagog
Hildegunn Børnes Myklebust	Diakonimedarbeidar
Irina Tarasova	Kantor
Rolf Oksnes	Kyrkjegardsarbeidar/ Kyrkjetenar

Årsrekneskap for Sund sokneråd 2022

Inntekter ligg godt over det som var budsjettet for året.

Utgifter ligg under det som var budsjettet for året.

Soknerådet går samla sett med eit overskot på kr 74 952.

Sund sokneråd har hatt kr 285 679 i utgifter og kr 438 895 i inntekter. Dette gjev eit positivt resultat før finansieringstransaksjonar og avsetjingar til fond på kr 153 216. Sund sokneråd set av kr 131 121 til ulike fond; fond julemesse, fond barnekor og nytt fond vårmarknad Kausland. Etter dette er det eit overskot på kr 74 952 som kan overførast til soknerådet sitt disposisjonsfond.

Sund sokneråd har gjevarteneste: Kyrkjelydsarbeid og barne- og familiearbeid. Her er det samla inn kr 83 000.

Sund sokneråd samla inn kr 94 296 på Julemassa i 2022. Pengane skal brukast til kulturarrangement.

Sund sokneråd samla inn kr 35 340 på vårmarknad i 2022. Pengane skal brukast til barne- og ungdomsarbeid.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Sund sokneråd på mange ulike måtar i 2022.

